

10. februar 2014

Til:

Aksjonærene i selskapet

Statens vegvesen, region vest

Riksrevisjonen

Kopi: Styret og vararepresentanter

Revisor

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING

Etter vedtak i styret blir det med dette kalla inn til vanleg generalforsamling 2014. Denne blir halden slik:

Dato: 10. mars 2014

Kl.slett: 12.00 – 14.00

Stad: Odda Rådhus.

Sakliste.

1. Godkjenning av innkalling og fullmakter
2. Val av møteleiar og referent
3. Val av 2 aksjonærar til å underteikne protokollen
4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap
5. Val av revisor
6. Godtgjering til styret
7. Val

Dokument til sak 4, 5, 6 og 7 er lagt ved.

I tillegg til dei formelle sakene vil Statens Vegvesen orientere om prosjektet.

Det blir då høve til spørsmål og kommentarar.

Vel møtt!

Med vennleg helsing

Odda vegfinans AS

For Elisabeth Eide Tharaldsen, styreleiar



Børge Skårdal, dagleg leiar

97037989; firmapost@oddavegfinans.no

Sak 5. Val av revisor.

Styret foreslår attval av revisor.

Framlegg til **vedtak**:

Generalforsamlinga vél Odda Revisjon AS v/ Nils Magnus Berge til revisor.

Sak 6. Godtgjering til styret.

Generalforsamlinga i 2012 gjorde vedtak om følgjande:

Gjeldande frå og med i år blir godtgjeringa slik:

Styreleiar 15.000 kr

Styremedlem 6.250 kr

Pr. møte for varamedlem: 1.000 kr

Tapt arb.forteneste: Inntil 250 kr/t og inntil 6 timar (maks. godtgjering 1.500 kr/dag).

Reiseutgifter: Statens satsar (når ikkje abeidskjevar/oppdragskjevar betalar).

Framlegg til **vedtak**:

Gjeldande satsar for styregodtgjering blir vidareført.

Sak 7. Val.

Suppleringsval til styret.

Det må gjerast suppleringsval på eit styremedlem etter at Solveig Sundbø Abrahamsen (Seljord) frå hausten 2013 møter fast på Stortinget og vurderer dei to tillitsverva som vanskeleg å kombinere.

Styret har bedt dei 4 aksjonærkommunane i Telemark om å nominere nytt styremedlem med personleg vararepresentant.

Kommunane har drøfta saka og innstiller følgjande:

Som styremedlem: Hilde Alice Vågslid, ordførar i Tokke

Som personleg varamedlem: Arne Vinje, ordførar i Vinje (som nå)

Valkomité.

Selskapet har pr. i dag ikkje valkomité men styret foreslår at det blir vald ein valkomité på generalforsamlinga.

Styret vil legge fram forslag til valkomité på generalforsamlinga.